

Arbeidsdepartementet
Velferdspolitisk avd.
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200900054-161/015/DAHI

Bergen, 05. oktober 2010

NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering - et helhetlig hjelpemiddeltilbud", høyringsfråsegn

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama NOU 2010:15 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering – et helhetlig hjelpemiddeltilbud" i rådsmøte 13.09.10, sak 16/10.

Fylkeseldrerådet har vedteke fylgjande fråsegn:

Kapittel 16.1 – Utvalgets overordnede vurderinger

Fylkeseldrerådet i Hordaland seier seg nøgd med at utvalet i si vurdering av hjelpemiddelbruk tek med at sterke demografiske endringar vil føre til auka behov for hjelpemidler til eldre brukarar. Utvalet tek alvorleg dei utfordringane samfunnet står overfor i kommande år som følgje av auka levealder og endra aldersmønster.

Dei fem hovudområda som utvalet prioriter er alle særskilte viktige. Punktet "Deltakelse og inkludering av flere med funksjonsnedsettelse i arbeidslivet" bør få høg prioritet.

Kapittel 16.2.1 - Forslag om lovendringer og om å sette ned et lovutvalg

Rådet er samd i at det vert sett ned eit lovutval til å greie ut framtidig lovgjeving. Det er behov for ei samordning av dei mange og ulike praktiseringar av regelverket. Der er også behov for lovfesta rett til å påklage retten til krav om forsvarlege tenester. Vern mot diskriminering i arbeidslivet på grunn av nedsett funksjonsevne bør regulerast av Diskriminerings- og tilgjenglighetslova.

Kapittel 16.2.2 - Tiltråding om auka bruk av tilskot til hjelpemidlar

Betre økonomiske tilskotordningar kan auke sysselsettinga blant personar med funksjonshemming. Hjelpemiddelsentralen sin innsats må styrkast. Målet må vere at personar med funksjonshemming skal behalde eller få tilbod om nytt arbeid. Det kan bli trong for individuelt tilpassa hjelpemidlar. Det er greit at denne ordninga er knytt til NAV, det krevst samarbeid mellom arbeidsgjevarar, NAV og brukaren av hjelpemiddelet for å få til vellukka resultat i slike saker.

Kapittel 16.2.3 – Forslag om å opprette et rådgivende ekspertorgan

Skiping av ennå eit utval kan føre til seinare sakshandsaming. Ein bør arbeide aktivt for å redusere sakshandsamartida ved tildeling av hjelpemidlar.

Kapittel 16.2.4 – Forslag om økt kommunalt ansvar for basishjelpemidler i dagliglivet

Dette vert grunngeve med meir effektiv kostnadskontroll. Gjennom ei rammebevilgning skal kommunane sjølv finansiere hjelpemidlar i barnehage, skule, bustad og dagligliv, og dei skal syte for reparasjonar. Dersom kommunane får nye oppgåver utan at det fylgjer pengar med, kan tilgang til hjelpemidlar lett bli ei budsjettsak innan den einskilde sektor i kommune. Eit inter-kommunalt samarbeid om tinging og utlevering av hjelpemidlar kan også vera vanskeleg å gjennomføre.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner difor at retten til hjelpemidlar skal vere heimla i folketrygdlova, og at tildeling skal vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.

Kapittel 16.2.8 – Forslag om opprydding i ansvaret for behandlingshjelpemidler

Det bør ryddast opp i samanblandinga av at både spesialisthelsetenesta og NAV handsamar spørsmål om slike hjelpemidlar.

Kapittel 16.2.10 – Forslag om opprydding i ansvaret for ortopediske hjelpemidler og høreapparater

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar fleirtalet i utvalet sitt framlegg om å plassere ansvaret for ortopediske hjelpemidlar og høreapparat i spesialisthelsetenesta grunna kostnadseffektivitet.

For Fylkeseldrerådet i Hordaland

Dagmar Reutz Hillestad
-møtesekretær/rådgevar-